SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:
Ingeborg Lysne Mcevoy
E-post: Ingeborg.Lysne.Mcevoy@sfj.no
Tlf.: 57638173

Vår ref.
Sak nr.: 18/7278-3
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 30.08.2018

Creeact AS
Ervika

6750 STADLANDET

Svar - Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018 - Prosjekt: Søknad om støtte til utvikling av verdikjede for viltkjøt

Vi viser til søknad datert 18.07.2018 der Creeact AS søkjer om midlar til å gjennomføre ei undersøking der ein ser på moglegheiter for nettbasert direktesal av viltkjøt mellom jeger og kunde.

Fylkeskommunen er samd i at det ligg eit potensiale i å finne betre løysingar for direktesal av viltkjøt. Resultata av ei undersøking slik det er skissert i søknaden vil kunne være av allmenn nytte og interesse, men resultata vil også gje ein utvida forretningsmoglegheit for Creeact AS som bedrift. Søknaden vert difor vurdert slik at prosjektet er bedriftsretta. Denne vurderinga er gjort i samråd med Møre og Romsdal fylkeskommune som har motteke same søknad.

Creeact AS får avslag på søknaden. Avslaget er gjort med heimel i administrativ fullmakt.

Fylkeskommunen har eit tett samarbeid med Innovasjon Norge og deira bedriftretta arbeid. Det vil difor vere Innovasjon Norge som er rett mottakar av dykkar søknad slik vi vurderer den.

Klage
De har høve til å klage på vårt vedtak innan tre veker etter at de har motteke dette brevet. Ein eventuell klage sender de til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Nærare opplysningar om retten til å klage finn du i vedlagte skjema. Meir utfyllande informasjon finn du i Klagehandboka på www.sfj.no. Har du fleire spørsmål om dette kan du kontakte sakshandsamar.

Spørsmål knytt til dette brevet kan rettast til sakshandsamar.

Med helsing

Endre Høgalmen
ass. fylkesdirektør for næring og kultur

Ingeborg Lysne Mcevoy
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:
Klageskjema

Mottakar (ar)
Creeact AS Ervika 6750 STADLANDET

Kopi til:
Anne Silje Sylvarnes, NKA